

2021–2024

## Berekraftsplan

Plan for implementering av FNs berekraftsmål



 **FNs BEREKRAFTSMÅL**



Vedtatt i styret 31.08.2021

**Innhald**

Samandrag.....	2
1. Innleiing.....	4
2. Ryfylkemuseet og FNB– korleis vi gjekk fram.....	7
2.1 Berekraft og miljø.....	7
2.2 Korfor utarbeide berekraftsplan?.....	7
2.3 Metodeval og prosess.....	8
3. Dei utvalde berekraftsmåla.....	11
3.1 Ryfylkemuseets berekraftsmål.....	11
RFB 1: Verne om og sikre kultur- og naturarven.....	12
RFB 2: Sikre allmenn tilgang til informasjon og verne grunnleggjande fridommar.....	13
RFB 3: Fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet.....	14
RFB 4: Sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling.....	15
RFB 5: Redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald.....	16
RFB 6: Fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.....	17
3.3 Mål.....	18
3.4 Berekraftsmåla og miljøfyrtårnsertifisering.....	18
4. Handlingsplan for implementering av berekraftsmåla og miljøstrategi.....	19
4.1 Forankring – strategisk nivå.....	19
4.2 Forankring – driftsnivå.....	19
4.3 Synleggjering og dokumentasjon.....	20
4.4 Måle resultat/effekt.....	20
4.5 Vegen vidare.....	21
Litteratur, kjelder.....	22

I 2015 ble 2030-agendaen med de 17 bærekraftsmålene vedtatt av alle FNs medlemsland. Bærekraftsmålene ser miljø, økonomi og sosial utvikling i sammenheng. Et sentralt prinsipp i 2030-agendaen er at *ingen skal utelates*. [...] Bærekraftsmålene krever felles innsats fra myndigheter, sivilsamfunn, privat sektor og akademia i alle land. ([https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm\\_agenda2030/id2510974/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm_agenda2030/id2510974/), 07.07.2021)

## Samandrag

Berekraftsplanen er ein plan som inngår i Ryfylkemuseet sitt strategisk planverk, og som fortel korleis museet skal implementere FNs berekraftsmål og vareta miljøet.

### Forankring i statlege føringar

I 2015 blei 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla vedtatt av alle FNs medlemsland. Agenda 2030 er ein handlingsplan for berekraftig utvikling i heile verda. FNs berekraftsmål er fordelte på tre dimensjonar og samarbeidet som bind dei saman:

- Miljø og klima
- Sosiale forhold
- Økonomi
- Samarbeid som navet som skal binde saman innsatsen hos ulike aktørar

Noreg har sidan 2015 vedtatt to stortingsmeldingar som omhandlar berekraftsmåla, og dessutan blir berekraftsmåla i aukande grad nemnde i ulike andre kanalar, irekna stortingsmeldingar om kulturminnevern og om musea. FNs berekraftsmål er altså viktige premissleverandørar for norsk politikk, og det blir stilt krav til at organisasjonar, næringsliv og andre aktørar skal bidra til å oppnå måla. Det er ei uttalt forventning om at musea skal ta stilling til berekraftsmåla, og miljøbevisstheit og det grønne skiftet er omgrep som vil bli meir og meir synlege i museumsbransjen.

### Ryfylkemuseet og berekraftsmåla

At Ryfylkemuseet nå er blant dei aller første musea i landet som har utarbeidd ein berekraftsplan, har bakgrunn i haldningane og satsingane til museet. Ein berekraftsplan og bevisst arbeid med berekraftsmåla er ei naturleg vidareutvikling av satsingar og strategisk leiing dei siste ti åra. Ryfylkemuseet har i det strategiske arbeidet sitt i fleire år vore opptatt av miljø og samfunnsansvar. Det blir synleg blant anna gjennom satsinga på inkludering og mangfald, gjennom miljøfyrtårnsertifisering og ved at miljø har blitt tatt opp som eit eige fokusområde i satsinga på handlingsboren kunnskap.

Nå er eit godt tidspunkt for å utarbeide ein berekraftsplan. Vi er i startfasen til å revidere strategisk planverk, og då er berekraftsplanen ein viktig premissleverandør som vil påverke strategisk plan.

FNs berekraftsmål består av 17 berekraftsmål med til saman 169 delmål. To viktige prinsipp har prega arbeidet vårt med å utarbeide berekraftsplanen:

Det første prinsippet er inkludering og forankring. Vi gjorde difor berekraftsmåla til eit tema under personalseminaret 2020, tok det opp fleire gonger under leiargruppemøte og jobba veldig bevisst med å konkretisere berekraftsmåla våre.

Det andre viktige prinsippet var at vi skulle ta eit val. Konkret vil det seie at vi valde ut nokon få delmål som vi meiner at Ryfylkemuseet har dei beste føresetnadene til å gjere ein innsats for. Tilnæringsmåten vår gjekk ut på å bli så konkret som mogleg ved å knyte berekraftsmåla til konkrete oppgåver innan drifta vår.

### Ryfylkemuseets utvalde berekraftsmål

Ryfylkemuseet har valt ut seks delmål som skal vere dei prioriterte berekraftsmåla for oss i planperioden:

- 11.4 Verne om og sikre kultur- og naturarven
- 16.10 Sikre allmenn tilgang til informasjon og verne grunnleggjande fridommar
- 17.17 Fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet
- 4.7 Sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling
- 15.5 Redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald
- 8.9 Fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt

Dei første tre utvalde berekraftsmåla er dei delmåla som er godt forankra i formålet vårt i museumsvedtektene. Dei er grunnleggande for museumsdrifta og har gyldigheit for heile organisasjonen. Dei tre andre utvalde berekraftsmåla er også godt forankra i strategien, handlingsprogrammet og utviklingsplanane til museet, men har ikkje på same måte betydning for alle ledda i organisasjonen. Dette er berekraftsmål som vi ønsker å gi mykje merksemd i åra framover.


Mykje av det vi gjer, vil støtte også andre delmål, enten direkte eller indirekte. Dei seks prioriterte berekraftsmåla våre skal likevel vere dei måla som vi først og fremst skal rette merksemda mot.

## 1. Innleiing

### Kva er FNs berekraftsmål?

I 2015 vedtok FNs generalforsamling Agenda 2030, som var eit resultat og ein arvtakar av tusenårsmåla frå 2000. Tusenårsmåla var eit stort samarbeidsprosjekt som viste at det var mogleg å oppnå globale endringar gjennom målretta samarbeid. Basert på erfaringane derifrå blei Agenda 2030 utarbeidd.

Agenda 2030 er handlingsplanen verda har for berekraftig utvikling, og alle 193 medlemsland slutta seg til. Agendaen konkretiserer ambisjonen ved å definere 17 berekraftsmål, med 169 delmål. Berekraftsmåla skal oppnå berekraftig utvikling i tre ulike dimensjonar: miljømessig, sosialt og økonomisk. Samarbeid er sjølve navet som skal sikre suksess. Difor kjem Agenda 2030 med to viktige premissar: Alle må bidra, og ingen skal utelatast.<sup>1</sup>



Noreg har forplikta seg til å jobbe for å oppnå berekraftsmåla. Regjeringa samanfatta berekraftsmåla på heimesida si slik:

*FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.<sup>2</sup>*

<sup>1</sup> Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*, s. 8f.

<sup>2</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/> (06.07.2021).

## Politisk forankring / nasjonalt nivå

Noreg har sidan 2015 vedtatt to stortingsmeldingar som omhandlar berekraftsmåla, Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles fremtid – Bærekraftsmålene og norsk utviklingspolitikk* og Meld St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*.

I stortingsmelding 40 *Mål med mening* kan vi lese:

*Regjeringen har bestemt at 2030-agendaen med bærekraftsmålene skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer. Det betyr at bærekraftsmålene utgjør en overbygning for regjeringens politikk, både nasjonalt og internasjonalt. [...] Målet med denne meldingen er å sette de globale målene inn i en norsk kontekst og presentere mulige nasjonale målepunkter for måloppnåelse som norske virksomheter, organisasjoner og offentlige myndigheter kan bruke som verktøy i arbeidet med bærekraftsmålene.<sup>3</sup>*

FNs berekraftsmål er altså viktige premissleverandørar for norsk politikk, og det blir stilt krav til at organisasjonar, næringsliv og andre aktørar skal bidra til å oppnå måla.

For å bidra til å oppnå berekraftsmåla har staten dei siste åra lansert ulike verktøy. Til dømes er det formulert nasjonale miljømål og miljøindikatorar som skal definere norske mål innan områda naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda.<sup>4</sup> Desse nasjonale måla er vidare forankra i stortingsmeldingar, forskrifter osv.

Av særleg betydning for musea er kulturminnemeldinga og museumsmeldinga. I kulturminnemeldinga, Meld. St.16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*, er ordet «berekraftsmål» nemnt heile 34 gonger. Også i den nye museumsmeldinga, Meld. St 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet – tillit, ting og tid*, er berekraftsmåla eit viktig tema. Her er omgrepet nemnt elleve gonger.

Det er ei uttalt forventning om at musea skal ta stilling til berekraftsmåla, og miljøbevisstheit og det grønne skiftet er omgrep som vil bli meir og meir synlege i museumsbransjen. For å bidra til dette hadde blant anna Kulturrådet i 2020 ei forsøksordning der ein kunne søke om støtte for å kompensere for tiltak som ville gjere eit prosjekt meir miljøvennleg. Eit anna viktig verktøy er Grønt vegkart, som blei lansert i 2021 for kultursektoren.<sup>5</sup>

<sup>3</sup> Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*, s. 9.

<sup>4</sup> <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/> (06.07.2021)

<sup>5</sup> <https://grontvekart.no/> (06.07.2021), vegkartet ligg til nedlasting.

### ICOM – internasjonal forankring

ICOM (international council of museums), det internasjonale museumsforbundet, vedtok i generalforsamlinga 2019 ein resolusjon om at musea skal bidra til å oppnå berekraftsmåla.<sup>6</sup> I resolusjonen blir det blant anna peika på at musea som bevaringsinstitusjonar for natur- og kulturarv er avgjerande for at land skal lykkast med berekraftsmåla, samtidig som musea treng å engasjere seg i berekraftsmåla for å ta i vare rolla som samfunnsaktør. Det blir også understreka at gjennom dette engasjementet kan musea opne for samarbeid og nå nye og andre målgrupper og partnerar, blant anna i næringslivet.

Dette står også i stil med den nye norske versjonen av ICOMs museumsetiske retningslinjer, som blei vedtatt i Norsk ICOM og Norges Museumsforbund sine årsmøte i 2021. Dei museumsetiske retningslinjene har i mykje større grad enn før sett museum i fokus som samfunnsinstitusjon og som forskingsinstitusjon.

[...] museums, as trusted sources of knowledge, are invaluable resources for engaging communities and are ideally positioned to empower the global society to collectively imagine, design and create a sustainable future for all.

(frå Resolution 1, ICOM Kyoto 2019, [https://icom.museum/wp-content/uploads/2019/09/Resolutions\\_2019\\_EN.pdf](https://icom.museum/wp-content/uploads/2019/09/Resolutions_2019_EN.pdf))

---

<sup>6</sup> <https://icom.museum/en/news/the-sustainable-development-goals-helping-transform-our-world-through-museums/> (06.07.2021).

## 2. Ryfylkemuseet og FNB– korleis vi gjekk fram

Ein berekraftsplan og eit bevisst arbeid med berekraftsmåla er ei naturleg vidareutvikling av satsingar og filosofi bak handlingsprogrammet dei siste ti åra. Ryfylkemuseet har i det strategisk arbeidet sitt i fleire år hatt vekt på miljø og samfunnsansvar. Det blir synleg blant anna gjennom satsinga på inkludering og mangfald, gjennom miljøfyrtårnsertifisering og ved at miljø har blitt tatt opp som eige fokusområde i satsinga på handlingsboren kunnskap.

Gjennom åra har museet vore veldig bevisst på samfunnsansvaret sitt. Dette har resultert i ei rekke konkrete tiltak, prosjekt, forskingsarbeid og formidlingstilbod, frå Internasjonal kafé, kurs i vindaugsrestaurering, samarbeid med Norsk Genressurscenter til forskingsprosjekt Barn i bygda og mykje meir. Nå er eit godt tidspunkt for å utarbeide ein berekraftsplan. Vi er i startfasen til å revidere strategisk planverk, og då er berekraftsplanen ein viktig premissleverandør som vil påverke ei rekke andre planar.

### 2.1 Berekraft og miljø

Ein av dei tre dimensjonane i berekraftsmåla er miljø. Ryfylkemuseet har i mange år jobba med tiltak og haldningsskapande arbeid for å drive meir miljøvennleg, utan at dette i større grad har vore forankra strategisk. I 2020 har miljø blitt vedtatt som ei prioritert satsing under museet sitt arbeid som samfunnsinstitusjon.

I det daglege blir omgrepet berekraft ofte likestilt med enten økologisk eller økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål tar med seg ein tredje dimensjon med sosial og kulturell berekraft, men dei to første er like sterkt forankra.

Berekraftsplanen inneber difor for oss også forankringa av miljøatsinga.

### 2.2 Korfor utarbeide berekraftsplan?

Berekraftsplanen inngår i strategisk planverk og er ein premissleverandør for utarbeiding og revidering av andre planar. Han skal sikre god forankring av berekraftsmåla og miljøtiltak på alle nivåa og skal gi konkrete verktøy for korleis dette kan gjerast i kvardagen.

Som beskrive i innleiinga har den norske staten vore ein pådrivar for Agenda 2030 og har dei siste åra lagt ned ein betydeleg innsats i å realisere berekraftsmåla. Gjennom stortingsmeldingar, Grønt vegkart-prosjektet, miljømål og andre tiltak har regjeringa bygd opp under satsinga som ofte blir omtalt som Det grønne skiftet. Det er framleis ein lang veg å gå, men ting begynner å skje.

I kultur- og museumssektoren er det også komme tydelege signal om at det er forventa at vi bidrar. I den nye museumsmeldinga kan ein lese at musea er viktige støttespelarar i dette arbeidet, og at det er forventa at musea jobbar aktivt med berekraftsmåla. Musea er samfunnsinstitusjonar som har eit sosialt og kulturelt ansvar, både når det gjeld dei sosiale berekraftsmåla, og når det gjeld eige fotavtrykk i miljøet. Som samfunnsaktør har musea også ein påverkingmakt og dermed eit ansvar til å vere blant dei som fremmar berekraft i samfunnet.

Ein ser ei tydeleg rørsle i den norske museumssektoren mot at musea i større grad enn før skal delta i aktuell debatt, fremme demokratisering og inkludering og vere ansvarlege samfunnsinstitusjonar. Dette kan ein sjå i den nye norske omsettinga av ICOMs museumsetiske retningslinjer (vedtatt i årsmøta til Norges Museumsforbund og Norsk ICOM i



2021), i stortingsmeldinga *Musea i samfunnet* og i debatt om ny definisjon av museum som skjer internasjonalt.

Ein eigen berekraftsplan som inngår i strategisk planverk, sikrar Ryfylkemuseet ei ryddig forankring og synleggjering av berekraftsmåla og miljøarbeidet. Planen bidrar til å stadfeste ansvar, forpliktar oss og set rammer for korleis vi skal jobbe med dette.

*Sustainable Development Goals (SDGs) are an amazing opportunity for museums, museum workers and museum networks, and if they seize this opportunity, they will benefit greatly from playing their part in this ambitious agenda.*

(<https://icom.museum/en/news/the-sustainable-development-goals-helping-transform-our-world-through-museums/> (06.07.2021))

## 2.3 Metodeval og prosess

Det finst mange måtar å jobbe med berekraftsmåla på. Det var likevel enkelte råd som gjekk igjen blant mange aktørar, og som vi tok til oss i arbeidet med implementering av berekraftsmåla.

### Nokon gode råd

Ta eit val

Å skulle jobbe med 17 mål og 169 delmål, som blei utarbeidde for at måla skulle gjelde globalt, er nokså uoverkommeleg. Det er stor fare for at dette berre blir fine ord, men lite konkret handling. Det er difor viktig å velje kva mål eller delmål ein vil konsentrere seg om.

Gjer det lokalt

Berekraftsmåla er laga med den premissen at alle skal bidra med det dei kan, og der dei er. Det vil seie at dei er formulerte såpass vidt at alle kan finne delmål som er aktuelle. Poenget er nettopp at ein skal tilpasse og velje slik at ein kan gjere ein ekte forskjell i sitt eige lokalsamfunn.

Forplikt deg

Å implementere berekraftsmåla skal ikkje handle om å signere ein resolusjon med fine ord og gode ambisjonar. Det skal handle om å gjere noko. For å få det til er det viktig at ein både finn konkrete mål å jobbe mot, og at ein forpliktar seg til desse måla.

Start ein prosess, ikkje fullfør eit prosjekt

Når ein utarbeider berekraftsplan, bør ein tenke at dette er starten på ein prosess, ikkje eit prosjekt som skal avsluttast med ferdig plan. Berekraftsplanen handlar om å endre haldningar og rutinar over tid og å skape varige endringar.

## Metodeval

Når ein skal jobbe med implementering av berekraftsmåla, må ein først velje om ein skal velje eit eller to mål og konsentrere seg om dei, eller om ein vil sjå på delmåla. Vi valde å ta utgangspunkt i delmåla. For å velje ut dei som vi skal arbeide med, brukte vi to metodar i ein tretrinnsprosess.

### Tretrinnsprosessen

I trinn 1 var det berre ei lita arbeidsgruppe som jobba med dette. Målet for dette trinnet var å velje ut 20 delmål som er særskilt relevante for museet.

I trinn 2 var alle tilsette i fagstillingar involverte. Her gjennomførte vi eit personalseminar med heile staben. Først delte vi oss inn i grupper med størst mogleg blanding av folk frå ulike avdelingar. Med utgangspunkt i dei 20 utvalde delmåla skulle gruppene velje primære og sekundære delmål for kjerneoppgåvene til museet slik desse er definerte i strategisk del av handlingsprogrammet. Delmål som var sette som primære, fekk to poeng, delmål som blei sette som sekundære, fekk eitt poeng. Her viste det seg tydeleg at tre delmål hadde fått desidert mest poeng, mens tre andre hadde fått meir enn eitt poeng.

I trinn 3 jobba vi igjen i ei lita arbeidsgruppe (valt av og blant leiargruppa). Grappa valde seks delmål som vi meinte var særleg viktige for museet. Vi tok utgangspunkt i resultatata frå personalseminaret og lista over 20 utvalde delmål. Målet var å velje tre delmål som er mest forankra i heile organisasjonen, og tre mål som enten er spesielt viktige for delar av museet, eller delmål som vi vil arbeide meir med dei neste åra.

### Utanfrå-og-inn-metoden<sup>7</sup>

Døme: Anna si vurdering																	
Vurdering av delmål - Ryfylkemuseet																	
Gå foran x		Støtte andre y		Jobbe internt z		ikkje releva nt											
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	
Utrydde fattigdom	Utrydde svolt	God helse	God utdanning	Likestilling	Reint vatn	Rein energi	Arbeid og øk. vekst	Innovasjon/ infrastruktur	Mindre ulikheit	Berekraftige samfunn	Ansvarleg forbruk	Stopp klimaendringane	Livet i havet	Livet på land	Fred, rettferd	Samarbeid	
1.1	2.1	3.1	4.1	5.1	6.1	7.1	8.1	9.1	10.1	11.1	12.1	13.1	14.1	15.1	16.1	17.1	17.11
1.2	2.2	3.2	4.2	5.2	6.2	7.2	8.2	9.2	10.2x	11.2	12.2	13.2z	14.2	15.2	16.2	17.2	17.12
1.3x	2.3	3.3	4.3	5.3	6.3z	7.3	8.3	9.3	10.3	11.3	12.3z	13.3xz	14.3	15.3	16.3	17.3	17.13
1.4	2.4	3.4	4.4yz	5.4	6.4	7.4	8.4	9.4	10.4	11.4x	12.4	13.4	14.4	15.4	16.4	17.4	17.14
1.5	2.5yz	3.5	4.5yz	5.5z	6.5	7.5z	8.5	9.5	10.5	11.5	12.5z	13.5	14.5	15.5y	16.5	17.5	17.15
1.6	2.6	3.6	4.6	5.6	6.6y		8.6	9.6	10.6	11.6	12.6		14.6	15.6	16.6	17.6	17.16
1.7	2.7	3.7	4.7xy	5.7	6.7		8.7	9.7	10.7y	11.7z	12.7		14.7	15.7	16.7	17.7	17.17
	2.8	3.8	4.8	5.8	6.8		8.8z	9.8	10.8	11.8	12.8x		14.8	15.8	16.8	17.8	17.18
		3.9	4.9	5.9			8.9y		10.9	11.9	12.9		14.9	15.9	16.9	17.9	17.19

<sup>7</sup> Skjemaet er henta frå bloggen The museum of the future, <https://themuseumofthefuture.com/2018/07/18/museums-and-the-sdgs-where-to-make-a-difference/> (20.07.2021).

Utanfrå-og-inn-metoden brukte vi i starten på trinn 1. Her tar ein utgangspunkt i delmåla og vurderer for kvart delmål om ein kan bidra til dette delmålet. I dømet er dei lysegråe delmåla dei som blei vurderte som ikkje relevante (lite vi kan bidra med her). Dei med grøn bakgrunn med x bak er delmål der vi meiner at museet kan vere ein framdrivar og kan gå føre. Dei med blå bakgrunn med y bak er delmål der vi kan støtte andre. Delmåla i raud skrift med z bak er delmål som vi kan jobbe med internt.


Med denne metoden fekk vi sila ut mange delmål og sat igjen med ei liste med knapt 50 delmål.

## Innanfrå-og-ut-metode

Nøkkeloppgåve i museet	FNB delmål som passar til den	FNB
Forvalte samlingar og bevare dei for framtida	11.4) Styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv	11. Berekraftige byer og lokalsamfunn
Vere lærearena for natur- og kulturhistorie	12.8) Innen 2030 sikre at alle mennesker i hele verden har relevant informasjon om og forståelse av bærekraftig utvikling og et levesett som er i harmoni med naturen	12. Ansvarleg forbruk og produksjon
Vere samfunnsaktør – framme positiv utvikling	8.9) Innen 2030 utarbeide og iverksette politikk for å fremme en bærekraftig turistnæring som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter	8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
	12.10) Utvikle og innføre metoder for å måle effekten av bærekraftig reiseliv som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter	12. Ansvarleg forbruk og produksjon
	13.3) Styrke enkeltpersoners og institusjoners evne til å redusere klimagassutslipp, tilpasse seg til og redusere konsekvensene av klimaendringer og varsle tidlig, og dessuten styrke utdanningen og bevisstgjøringen om dette	13. Stoppe klimaendringane

Denne metoden tar utgangspunkt i kjerneoppgåver i organisasjonen og finn delmål som passar til oppgåvene. Ofte vil ein finne fleire delmål per kjerneoppgåve. Den metoden brukte vi avslutningsvis i trinn 1 for å koke lista over utvalde delmål ned til 20.

Dette er ein metode der ein ofte må velje mellom fleire delmål som kan passe, både fordi delmåla overlappar, og fordi mange oppgåver kan fremme fleire delmål.



### 3. Museet som møteplass – Formidling og Fornyng

Ryfylkemuseet skal vera ein møtestad for kunnskapsformidling, regional utvikling, opplevingar, og kommunikasjon på tvers av kjønn, alder, religion og sosial bakgrunn.

Underkapitla:

- 3.1 Kunnskap og opplevingar for alle
- 3.2 Kommunikasjon og publikumsutvikling

Mest relevante delmål:

For trinn 2 brukte vi også innanfrå-og-ut-metoden, mens vi i trinn 3 gjekk delvis tilbake til utanfrå-og-inn-metoden for å sikre at vi skulle få med oss dei mest relevante delmåla. Dessutan såg vi også nærare på vedtektene til museet i trinn 3, då dei definerer kva formål museet har.

### 3. Dei utvalde berekraftsmåla

Ryfylkemuseet har valt ut seks delmål som skal vere dei prioriterte berekraftsmåla for oss i planperioden.

Dei første tre utvalde berekraftsmåla er dei delmåla som vi meiner er godt forankra i formåla vi har i museumsvedtektene. Dei er grunnleggande for museumsdrifta og har gyldigheit for heile organisasjonen. Dei tre andre utvalde berekraftsmåla er også godt forankra i strategien, handlingsprogrammet og utviklingsplanane til museet, men har ikkje på same måten betydning for alle ledda i organisasjonen. Dessutan er dette berekraftsmål som vi ønsker å gi meir av merksemda vår til i åra framover.

FNs berekraftsmåla er fordelte på tre dimensjonar og samarbeid:

- Miljø og klima
- Sosiale forhold
- Økonomi
- Samarbeid som navet som skal binde saman innsatsen hos ulike aktørar

Ryfylkemuseet er først og fremst ein samfunnsinstitusjon som skal drive til samfunnet sitt gode. Det er difor naturleg at heile tre av dei utvalde berekraftsmåla ligg i dimensjonen sosiale forhold og legg vekt på samfunnsnytte og samfunnsutvikling. Dei andre tre utvalde berekraftsmåla er fordelte mellom samarbeid, miljø og økonomisk berekraft.

Mykje av det vi gjer, vil støtte også andre delmål, enten direkte eller indirekte. Dei seks prioriterte berekraftsmåla våre skal likevel vere dei måla som vi skal ha hovudmerksemda på.

Alle nye tiltak og prosjekt skal bli vurderte opp mot dei utvalde berekraftsmåla. Ingen skal stride imot berekraftsmåla, og kvart nytt tiltak skal støtte minst to av dei utvalde berekraftsmåla.

#### 3.1 Ryfylkemuseets berekraftsmål

Gjennom prosessen i forarbeidet til berekraftsplanen har Ryfylkemuseet valt ut seks av FNs delmål. Dei utvalde delmåla er fundamentet i arbeidet museet gjer med FNs berekraftsmål. Ingenting vi gjer, skal stride imot desse, og nye tiltak skal alltid støtte minst to av desse måla.

Desse seks er då blitt Ryfylkemuseet sine seks berekraftsmål (RFB). Under kvart RFB blir det også nemnt nokon sekundære mål. Dette er delmål til FNs berekraftsmål (FNB) som ligg veldig nær det utvalde delmålet. Som regel vil tiltak som støttar berekraftsmålet Ryfylkemuseet har valt seg, også støtte eitt eller fleire av dei sekundære delmåla.

## RFB 1: Verne om og sikre kultur- og naturarven



Mål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn: Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

Delmål 11.4) Styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda.

### Grunngiving

I vedtektene til Ryfylkemuseet står som eit formål til museet:

*Museet er ein samfunnsinstitusjon som skal bidra til å ta vare på historia, særleg for tida frå reformasjonen og fram til i dag. Museet vil, så langt det er forsvarleg, arbeide for at kulturminna blir verna og nytta der dei hører heime. [...]*

Det å ta vare på historia og kulturminna er altså ei av kjerneoppgåvene til museet. Ryfylkemuseet bevarer og sikrar både fysisk og immateriell kulturarv og jobbar med bevaring av naturarv i form av samarbeid med klonarkivet og skjøtsel av tradisjonelle kulturlandskap.

Ryfylkemuseet er ein del av den regionale og nasjonale museale verksemda og bidrar med dette til sikring av den norske natur- og kulturarven.

Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 1 vil vi også støtte FNs delmål 2.5, 9.5 og 16.6.

## RFB 2: Sikre allmenn tilgang til informasjon og verne grunnleggjande fridommar



Mål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar: Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Delmål 16.10) Sikre allmenn tilgang til informasjon og verne grunnleggjande fridommar, i samsvar med nasjonal lovgjeving og internasjonale avtalar.

### Grunngiving

I vedtektene til Ryfylkemuseet står som eit formål til museet:

*Ryfylkemuseet skal tilby kunnskap og opplevingar og skal bidra til ei positiv samfunnsutvikling i Ryfylke.*

Sjølv om ordet «alle» ikkje er nemnt i vedtektene, har museet alltid har hatt den forståinga at det ligg i formålet at museet skal jobbe for å vere tilgjengeleg for alle. Vi har også gjennom mange år forstått oppdraget til museet som at det er ein samfunnsinstitusjon som bidrar til positiv bygdeutvikling, slik at det både handlar om å bevare kulturminna og om å vere ein pådrivar for demokratisering, jobbe aktivt mot diskriminering og for inkludering.

Vi har begynt eit arbeid for å vidareutvikle fleire av anlegga våre, då vi er spesielt opptekne av å gjere anlegga betre tilgjengelege. Det handlar for oss både om fysisk tilrettelegging og tilgjengeleggjering og om mental tilgjengeleggjering gjennom å gjere anlegga relevante for fleire og nye målgrupper.

Museet som møteplass er ein viktig del av sjølvforståinga vår. Museet har i mange år jobba for å vere ein møteplass og eit offentleg rom som mange ulike delar av befolkninga føler seg velkomne og trygge i. Satsingar som «inkludering i praksis» er også ein viktig del av arbeidet vårt for å bidra til eit opent samfunn der rettar og valmoglegheiter er sikra for alle.

Meir merksemd retta mot kulturlandskap og biologisk mangfald på fleire av anlegga til museet betyr også at vi styrker og synleggjer museumsanlegg som stader der ein kan oppleve natur på ein lett tilgjengeleg og trygg måte.

I tillegg jobbar vi med prosjekt for å forbetre det digitale formidlingstilbodet vårt.

Alle desse tiltaka bidrar til å gjere anlegga og informasjonen meir tilgjengelege for alle, uavhengig av alder, etnisitet, kulturell bakgrunn eller funksjonsevne.

Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 2 vil vi også støtte FNs delmål 9.5, 10.2, 11.7 og 16.7.

### RFB 3: Fremje velfungerande partnarsskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet



Mål 17 Samarbeid for å nå måla: Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarsskap for berekraftig utvikling.

Delmål 17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnarsskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet som byggjer på erfaringar med partnarsskapa og ressursstrategiar.

#### Grunngiving

I vedtektene til Ryfylkemuseet står som eit formål til museet:

*Museet skal samarbeide med lokale lag og institusjonar og med kommunale og fylkeskommunale styremakter for å fremje det samla museumsarbeidet i regionen, og med andre region- og spesialmuseum om ansvars- og oppgåvefordeling i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.*

Ryfylkemuseet er ein del av museumssektoren og er aktivt i nasjonale museumsnettverk og samarbeid, i tillegg til å vere aktivt i regionale museumssamarbeid og -utvikling. Dessutan har vi breitt samarbeid med lokale krefter, kommunar, næringsliv og frivillige.

Samarbeid er heilt avgjerande for at museet skal lykkast som regionalt museum, kunnskaps- og samfunnsinstitusjon.

Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 3 vil vi også støtte FNs delmål 8.4, 10.2, 10.7 og 12.10.

## RFB 4: Sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling



Mål 4 God utdanning: Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

Delmål 4.7) Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av freds- og ikkjevaldskultur, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling.

### Grunngeving

Barn og unge er ei prioritert målgruppe for Ryfylkemuseet. Blant anna har vi særskilde formidlingstilbod til barn på dei to største besøksanlegga våre, Nesasjøhuset og Kolbeinstveit, vi tilbyr haust- og vinterferieaktivitetar, og vi jobbar med å etablere eit større tilbod for skular. Særleg tilbodet til skulane har tilbod som støttar dette berekraftsmålet. Her har vi jobba med skuletilbod innan handlingsboren kunnskap og kunnskap om gjenbruk, tradisjonshandverk og tradisjonelle råvarer. Parallelt har vi også jobba med å få til fleire skuletilbod som ligg under satsinga frå museet på inkludering og mangfald. Dette skal vi ha meir merksemd om dei neste åra. Ei anna satsing er ein arrangementsserie innan folkedans. Her er intensjonen møte mellom generasjonar og tilbod om ein fysisk og kreativ aktivitet som alle er velkomne til, og som skaper ein god, trygg og triveleg møteplass med tradisjon som utgangspunkt.

Ryfylkemuseet starta i 2020 eit nytt hotspotkonsept med kombinert gate- og nettutstilling om dagsaktuelle tema. Her har vi blant anna diskriminering, biologisk mangfald og likestilling på dagsordenen.

Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 4 vil vi også støtte FNs delmål 4.8, 10.2 og 12.8.



## RFB 5: Redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald



Mål 15 Livet på land: Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald.

Delmål 15.5) Setje i verk omgåande og omfattande tiltak for å redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald og innan 2020 verne truga artar og hindre at dei dør ut.

### Grunngeving

Ryfylkemuseet har vore miljøfyrtårnsertifisert i over fem år og har i denne tida jobba kontinuerleg med å minske eige fotavtrykk. Dette arbeidet skal vi fortsette med.

Samtidig har vi ei stor satsing med etablering av bygningsvernssenter, styrking av formidling av handlingsboren kunnskap med tradisjonell gjenbruk, restaurering og kunnskap om tradisjonelle byggematerialar i fokus og merksemd retta mot utvikling av skuletilbod innan tradisjonshandverk. Med andre ord vil museet dei neste åra jobbe bevisst med å bygge opp haldningar og kunnskap om miljøval og med lærdommar for berekraftig og miljøvennleg utvikling som vi kan finne i tradisjonshandverk og handlingsboren kunnskap.

Ryfylkemuseet har i mange år hatt særskilt vekt på kulturlandskap og biologisk mangfald på to anlegg, Hustveit og Viga. Her har vi hatt samarbeid med Miljødirektoratet og genressurssenteret. Frukthistorisk hage i Viga er ein del av det norske klonarkivet og såleis eit viktig bidrag til å bevare den genetiske arven i landet. I åra som kjem, skal vi arbeide meir med dette på to anlegg til, Li og Kolbeinstveit. Museet har altså fire større anlegg der kulturlandskap, biologisk mangfald og bevaring av truga artar er viktige tema.

Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 5 vil vi også støtte FNs delmål 2.5, 8.4, 12.5, 13.3 og 15.4.

## RFB 6: Fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt



Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.

Delmål 8.9) Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.

### Grunngiving

Musea er del av reiselivsnæringa. Ryfylkemuseet er med i fleire lokale og regionale samarbeidsforum og har stadig fleire lokale produkt også i museumsbutikken og kafeen vår. Vi har også ønske om å samarbeide meir om pakke tilbud og andre felles løysingar og tilbud.

Vi har som mål å tilby turistar gode, grønne opplevingar som aukar kunnskapen om og respekten for naturarven, kulturminna og historia til regionen.

Vi jobbar også med å forbetre det digitale formidlingstilbodet vårt til turistar. Dette vil bidra til å skape fleire attraksjonar, auke attraksjonsverdien til eksisterande anlegg og få besøkande til å opphalde seg lenger i regionen. Dermed bygger vi opp under reiselivsnæringa lokalt, samtidig som vi styrker sjølve museet.

### Sekundære delmål:

Gjennom arbeidet med og for RFB 6 vil vi også støtte FNs delmål 4.8, 8.4, 9.5, 11.7, 12.10 og 16.6.

### 3.3 Mål

Ingenting museet gjer, skal stride imot berekraftsmåla.

Alle nye tiltak og prosjekt skal fremme minst to av dei utvalde berekraftsmåla. Unntaket kan vere enkelte prosjekt som støttar eksplisitt eit anna berekraftsmål, så lenge prosjektet er godt forankra i den strategiske planen til museet.

Vi skal synleggjere dette både overfor publikum og i rapportering og jobbe bevisst med å fremme kunnskap om og forståing av berekraftsmåla gjennom verksemda vår.

Vi skal jobbe kontinuerleg og strategisk mot å implementere berekraftsmåla i alle nivåa i organisasjonen, både i haldninga og i det vi gjer.

### 3.4 Berekraftsmåla og miljøfyrtårnsertifisering

Ryfylkemuseet har i over seks år vore miljøfyrtårnsertifisert. Arbeidet med Miljøfyrtårn har vore ein viktig prosess for å skape miljøbevisste haldningar og har ført til at museet har sett i verk ei rekke tiltak for å vere meir miljøvennleg.

Miljøfyrtårn er eit verktøy som handlar om den konkrete drifta. Her rapporterer ein på konkrete tal, til dømes straumforbruk, produserte kilo avfall, osv. Vi ser difor miljøfyrtårnsertifiseringa som eit verktøy for å måle resultat, mens berekraftsmåla er strategiske verktøy som definerer kva vi vil oppnå.

## 4. Handlingsplan for implementering av berekraftsmåla og miljøstrategi

HUGS: Å jobbe med berekraftsmåla er ikkje eit prosjekt, det er ein prosess. Berekraftsplanen seier noko om kva retning vi har valt å gå i, han er ikkje eit mål i seg sjølv.

Eit viktig prinsipp for berekraftsplanen er at han skal vere starten på ein prosess. Arbeidet med berekraftsmåla handlar like mykje om å etablere gode haldningar, som det handlar om konkrete aktivitetar.

Dette er dei sentrale problemstillingane:

- 1) Korleis forankrar vi berekraftsmåla slik at vi har ei god berekraftsleiing?
- 2) Korleis får vi innarbeidd dei utvalde berekraftsmåla i dagleg drift?
- 3) Korleis synleggjer og dokumenterer vi arbeidet med berekraftsmåla?
- 4) Korleis måler vi resultat/effekt?

### 4.1 Forankring – strategisk nivå

Korleis forankrar vi berekraftsmåla slik at vi har ei god berekraftsleiing? Dei utvalde berekraftsmåla er godt forankra i vedtektene og planane til museet framover. Likevel treng dei forankring i leiinga og på strategisk nivå for å sikre oppfølging og at dei fungerer som premisleverandørar framover. Dette skal i første omgang skje på tre måtar:

- Berekraftsplanen skal bli vedtatt av styret.
- Berekraftsplanen inngår i strategisk planverk som ein delplan.
- Berekraft og miljø skal bli eit fast punkt på saklista for leiargruppa.

Frå 2022 skal vi dessutan etablere fleire tiltak som styrker arbeidet med berekraft og miljø.

- Berekraftsmåla skal innarbeidast i rutinar for rapportering og søknadsskriving.
- Vi skal utvikle rollefordelinga i berekraftsleiinga, til dømes utpeike ein ambassadør for berekraft og miljø eller ei arbeidsgruppe.

### 4.2 Forankring – driftsnivå

Korleis får vi innarbeidd dei utvalde berekraftsmåla i den daglege drifta? Her ser vi at ein del overlappar med arbeidet med miljø, og dei fleste tiltaka vil gjelde begge. Vi ser også behov for å revurdere tiltak undervegs, når vi ser kva som fungerer, og kva som ikkje gjer det. Arbeidet med berekraftsmåla handlar både om å skape direkte resultat og om å bygge opp og styrke gode haldningar. Den første delen krev at ein har rutinar på plass som fungerer i kvardagen. Den andre delen krev jamleg drøfting og evaluering og lydhøyre prosessar der alle kan komme med innspel.

I første omgang skal vi gjere følgande:

- Berekraftsplanen blir ein del av grunnlaget for den årlege revideringa av handlingsprogrammet.
- Berekraft og miljø blir eit fast punkt på saklista for dei månadlege personalmøta.
- Vi skal ha det som fast rutine at kvart nytt tiltak, prosjekt, arrangement osv. blir vurdert etter kva berekraftsmål det støttar.
- Vi skal jobbe med synleggjering og dokumentasjon.

### 4.3 Synleggjering og dokumentasjon

Korleis synleggjer og dokumenterer vi arbeidet med berekraftsmåla? Både intern og ekstern synleggjering er avgjerande for langsiktig suksess med arbeidet med berekraftsmåla og miljøtiltak. Samtidig handlar synleggjering også om å gjere publikum kjent med berekraftsmåla – der er også formidling i seg sjølv. Dessutan gir vi oss sjølv moglegheiter til å måle resultat når vi implementerer berekraftsmåla i dokumentasjonen vår.

I 2021 og 2022 skal vi først og fremst få på plass

- synleggjering for publikum: revidere malane for plakatar, brosjyrar osv. til å inkludere berekraftsmåla og ta dei i bruk, lage plan for oppdatering av heimesida, publisere artikkel om berekraftsmåla i årboka
- intern synleggjering: Berekraft og miljø blir faste tema på ulike interne møte. Kvar ny prosjektbeskriving eller søknad skal seie noko om berekraftsmåla. Resultatrapport til styret skal seie noko om arbeidet med berekraft og miljø. Jamlege tiltak til bevisstgjerung, til dømes det månadlege miljøtipset, berekraftsutfordringar til dei tilsette eller liknande.
- ekstern synleggjering: Berekraft og miljø skal nemnast i rapportering til Kulturrådet. Berekraftsmåla skal nemnast i driftsbudsjettsøknadene.

### 4.4 Måle resultat/effekt

Korleis måler vi resultat/effekt? Dette er ei stor utfordring fordi berekraftsmåla ikkje kan oppnåast med eit visst tal på tiltak. I praksis handlar berekraft-og-miljø-arbeidet om å stadig forbetre rutinar og haldningar, jobbe med bevisstgjerung og val. Det betyr at mykje av effekten ikkje vil kunne talfestast. Samtidig er det ikkje enkelt å utvikle metodar for kvalitativ evaluering heller.

I første fasen (2021–2024) vil nok mykje av arbeidet gå ut på å kartlegge og utvikle metodar til å måle kor mykje som er oppnådd.

Nokre verktøy har vi:

- Miljøfyrtårnsertifiseringa er eit godt verktøy for å måle reduksjon av forbruk, grønne val av leverandørar og liknande. Den er difor eit viktig verktøy for å evaluere effekten av tiltak, synleggjere resultat og – ikkje minst – for å sette krav til oss sjølv for eit bevisst forbruk.
- Gjennom implementering av berekraftsmåla i prosjekt- og tiltaksutvikling og rapportering får vi ei moglegheit til å telje kor mange prosjekt og tiltak vi gjennomfører som støttar konkrete berekraftsmål.
- Implementering i handlingsprogram og rapportering til Kulturrådet og i driftsbudsjettsøknadane betyr at vi forpliktar oss. Sjølv om det i liten grad er eigna til

teljing, er det ein måte å dokumentere resultat på. Det synleggjer og dokumenterer i kor stor grad vi har lykkast med å implementere berekraftsmåla i drifta.

- Berekraftsplanen inngår i strategisk planverk og vil vere ein premissleverandør under revidering av strategiplanen.
- Vi kan telje møte der berekraft og miljø var eit eige punkt på saklista. Dette kan vere verdfullt for å måle haldningsskapande arbeid.
- Profilmanual har vi, og denne kan vi revidere slik at berekraftsmåla blir synleggjorde på plakatar osv.

Verktøy vi skal vurdere og eventuelt utvikle eller revidere:

- Rutine (= oppskrift, mal) for prosjektplanlegging / oppsett for prosjektbeskriving
- Rutine for årsplanlegging
- Miljøplan
- Rapporteringsrutinar
- Rapporteringsoppsett for å telje tiltak per utvalt berekraftsmål
- Plan for publikumsrelasjonar, publikumsutvikling og marknadsføring

#### 4.5 Vegen vidare

Den føreliggjande handlingsplanen legg nokon overordna føringar og set mål for 2021–2022. Planen skal opp til evaluering og revidering på personalseminaret 2022. Som handlingsplanen antydgar, vil vi dei første åra måtte prøve ut ulike verktøy og ta vurderingar undervegs.

I 2024 skal heile berekraftsplanen reviderast. Under dette arbeidet er det anledning til å velje nye berekraftsmål for Ryfylkemuseet for neste planperiode. Dersom ein skal endre på utvalet av berekraftsmål, må dette vere forankra i strategisk plan og drøfta med staben.

Det er leiargruppa som har ansvaret for oppfølging og revidering.

Denne planen skal bidra til å sette kursen, men er på ingen måte eit resultat. Han er ein milepåle i ein prosess som skal sikre at Ryfylkemuseet er eit berekraftig og relevant museum og ditto samfunnsaktør.

## Litteratur, kjelder

- United nations: *Transforming our world: the 2030 Agenda for Sustainable Development*, 2015. Kan lastast ned [her](#).
- Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Kan lastast ned [her](#).
- Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles fremtid – Bærekraftsmålene og norsk utviklingspolitikk*. Kan lastast ned [her](#).
- Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*. Ligg til nedlasting [her](#).
- Meld. St. 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid*. Ligg til nedlasting [her](#).
- ICOM. 2019. Resolution No.1 'On sustainability and the adoption of *Agenda 2030, Transforming our World*'. Paris: ICOM. Kan lastas ned [her](#).
- McGhie, H.A. (2019). *Museums and the Sustainable Development Goals: a how-to guide for museums, galleries, the cultural sector and their partners*. Curating Tomorrow, UK. Ligg til nedlasting [her](#).

Kjelder som har vore nyttige i utarbeiding av planen:

- [The museum of the future](#), blogg av Jasper Visser. Inspirerende blogg om museum og samfunnsansvar. Her finst også fleire [artiklar om SDGs](#), til dømes om korleis musea kan gå fram for å jobbe med bærekraftsmåla.
- [Curating tomorrow](#) av Henry McGhie. Veldig mange nyttige ressursar og informasjon.
- [Grønt vegkart](#) si side, her kan ein blant anna laste ned grønt vegkart for kunst- og kulturinstitusjonar.
- Regjeringa har ei [side](#) med stoff om bærekraftsmåla.
- [ICOM](#), ei side med informasjon og ein del stoff rundt musea og SDGs.
- United Nations si [side](#) om SDGs med mykje stoff. Det finst også ei side på norsk frå [De Forente Nasjoner](#).
- [Ne-Mo](#), Network of European Museums Organisations har også ein del stoff på sida si.